



Sunnfjord
kommune

Årsplan 2023–2026

Tusenryd barnehage



Innhald

Einingsleiar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Visjon for barnehagen	4
Om barnehagen.....	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	5
Satsingsområde for barnehagen 2023–2026.....	6
Medverknad.....	8
Barn.....	9
Foreldresamarbeid	9
Tidleg innsats	10
Overgangar.....	10
Når barnet startar i barnehagen	10
Overgangar i barnehagen	10
Overgang mellom barnehage og skule.....	11
Samarbeid	12
Samarbeid internt i barnehagen	12
Samarbeid med eksterne instansar.....	12
Vurdering.....	13
Året rundt 2023.....	14

Einingsleiar har ordet



Velkommen til Tusenfryd barnehage.

Tusenfryd barnehage har ei samansveisa personalgruppe, mange med lang erfaring, og som tek godt i mot nye medarbeidarar. Personalet er den viktigaste ressursen og ein føresetnad for at barnehagen skal vere ein god arena for omsorg, lek, danning og læring.

I Tusenfryd barnehage har vi eit stabilt personale som

- har gode relasjonar til alle barna på avdelinga
- arbeider godt med inkluderande barnehagemiljø
- arbeider godt med tidleg innsats
- kan vere nær, hjelpe og støtte barna
- har eit nært og godt samarbeid med foreldra
- kjenner barna og foreldre på dei andre avdelingane
- har eit godt fagmiljø og godt samarbeid på tvers av avdelingane

Barnehagen skal i samarbeid med heimen bidra til at barna får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og lek.

Mitt hjarte har mange rom, fritt oversett frå Bente Bratlund:

Hjarte mitt er fylt av Tusenfryd med mange rom
 der bur det ulike menneske frå eit heilt liv
 der bur dei som frå korte møte blei buande att
 der bur dei som stadig flyttar inn
 eg går ofte rundt i dette huset mitt, helsar på
 stryk over eit minne, kviler i ein varme
 og dette hjartehuset blir aldri fullt.

Årsplanen byggjer på [rammeplan for barnehagen](#) og [barnehagelova](#).

Årsplanen skal

- vise korleis barnehagen i praksis vil arbeide med innhaldet i rammeplan for barnehagen
- vise korleis vi arbeider med omsorg, lek, danning og læring
- synleggjere medverknad frå barn og foreldre
- vise korleis vi arbeider med tilvenjing av nye barn og overgang frå barnehage til skule
- godkjennast av samarbeidsutvalet

Årsplanen gjeld for fire år, men vil bli revidert kvart år.

Elin Røyseth


Einingsleiar

Tusenfryd barnehage

Presentasjon av barnehagen

Visjon for barnehagen

Vi kan, vi vil, vi lærer, vi får til.



Om barnehagen

Tusenfryd Barnehage har tre avdelingar, og held til i tre bustadhus som ligg tett i tett i Runnen. Innelokala til barnehagen byr på god plass og mange rom, som gjev høve for både fysisk aktivitet og ro. Utleikeklassen er romsleg og har variert terreng.

Barnehagen ligg nær skog, gardsbruk, sjukehusparken og ballplass, som vert nytta som turområde heile året. Samstundes som barnehagen ligg i landlege omgjevnader, er det kort veg til butikk, bibliotek, og andre service- og kulturtilbod.

Barnehagen har vore i drift sidan 1986. Vi gleder oss til at det vert bygd ny barnehage på Slåtten.


Avdelingar

- **3aren** har 16 barn frå 3-6 år.
- **5aren** har 16 barn frå 3-6 år.
- **7aren** har 12 barn frå 1-2 år.

Personalet

Vi har ei erfaren og stabil personalgruppe. Vi har barnehagelærarar i alle leiarstillingane, barne- og ungdomsarbeidarar og erfarne assistentar. I tillegg har vi fast vikar.

I arbeidet med barnegruppa har vi fokus på tryggleik og tilknytning, og brukar COS (circle of security) som arbeidsmodell. Barn treng at vi vaksne er større, sterkare, klokare og god. Når det er mogeleg skal vi følgje barnet sitt behov, og når det er nødvendig skal vi ta leiing.



Barnehagen sitt verdigrunnlag

Dei overordna verdiane til Sunnfjord kommune er engasjert, inkluderande og nær. Desse verdiane samsvarar godt med barnehagen sine verdier.



Engasjert: personalet deltek aktivt i leik og aktivitet med barna.

Inkluderande: personalet fremjar eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik.

Nær: personalet møter alle barn på ein open og varm måte. Personalet legg vekt på tryggleik og tillit i samarbeid med foreldra.

I Tusenfryd Barnehage legg vi vekt på:

Tryggleik

- Når barna startar i barnehagen får kvart barn ein tilknytingsperson som har særleg omsorg for barnet i den fyrste tida.
- Det grunnleggjande i vårt arbeid i barnehagen er å leggje til rette for at kvart barn skal kjenne seg trygg og trivast.
- Vi legg vekt på å møte barna med omsorg, varme og oppmuntring. Alle skal kjenne seg verdsett og føle at dei høyrer til i fellesskapet.

Kvardagsliv og leik

- Små barn lærer og utviklar seg mest og best gjennom kvardagsliv og leik.
- Vi legg til rette for at leiken til barna skal få gode kår.
- Vi arbeider for at kvart barn skal finne seg leikekameratar og at barnegruppa skal fungere godt i lag.
- Med hjelp og støtte vert barna motivert til å ta del i gjeremål som å smørje mat, dekke bord og å kle av og på seg.

Fleksibilitet

- Personalet har ei positiv innstilling til å imøtekomme foreldra sine ynskjer.
- Trygge rammer er viktig for barna, men kvart barn skal også ha høve til å påverke sin eigen kvardag og få ta eigne avgjerder.

Omsorg, leik, læring og danning

- Barna skal få vere i positivt samspel med andre.
- Barna skal oppleve glede, humor og engasjement gjennom leik saman med andre.
- Barna skal bli møtt med varme og interesse frå oss vaksne.
- Barna skal få hjelp og støtte til å regulere egne kjensler.
- Barna skal få felles opplevingar som gir inspirasjon til leik og læring. Personalet skal organisere tid, rom og leikemateriell for å utvikle leiken.



Satsingsområde for barnehagen 2023–2026

Språklæring

Barna skal ta del i lesing, samtalar, songsamling og leik kvar dag.

- Personalet nyttar konkretar og bildestøtte på samling, og syng faste songar og vers tilpassa tema og årstid.
- Barna vert lest for til lunsj. Vi har også spontanlesing og lesing knytt til temaarbeid.
- Barna deltek i organisert og spontan leik og samtale med andre barn og vaksne.
- Vi nyttar TRAS kartleggings skjema (tidleg registrering av språk) for å kartlegge barnet si språkutvikling frå barnet er 2 år.
- Nokre barn treng ekstra støtte i språklæringa. Barnehagen kan få rettleiing frå kompetanseteamet v/PPT (Pedagogisk psykologisk tenestekontor) om korleis vi kan legge til rette for god språklæring.

Fysisk aktivitet

Barnehagen skal arbeide med fysisk aktiv leik som

- fremjar motorisk utvikling
- er engasjerande og utfordrande i samspel med andre
- er variert og allsidig, tilpassa barnet sitt utviklingsnivå

Inkluderande barnehagemiljø

Barna skal ha eit trygt og inkluderande barnehagemiljø.

- Barna treng hjelp til å lære å dele, låne, byte, vente og øve på å løyse konflikhtar. Vaksne tek del i barna sin aktivitet og leik, og rettleiar barna i samspel med andre. Vaksne skal førebygge krenking gjennom positiv samhandling.
- Barna sin trivsel er viktig. Ved mistanke om eller kjennskap til at nokon ikkje har ein trygg og god barnehagekvardag skal det straks setjast i gang tiltak.



Utviklingsarbeid | Vi ynskjer å vidareføre arbeidet med inkluderande barnehage gjennom auka fysisk aktivitet i barnehagen.

- Barnehagen har gjennom arbeidet med inkluderande barnehagemiljø og prosjektet Actnow sett at desse områda har ein samanheng. Auka fysisk aktivitet har god verknad for å få til eit inkluderande barnehagemiljø. Vi jobba godt med inkluderande barnehagemiljø som prosjekt 2018-2020, og var med i tiltaksgruppa for Actnow 2020-2022.
- For å få desse erfaringane implementert i arbeidet med barna i kvardagen, er det nødvendig å ha fokus retta på dette arbeidet over tid. Det må haldast ved like og vidareutviklast slik at det vert ein naturleg del av arbeidet vårt.
- Tusenfryd barnehage har fått kompetansemidlar til dette utviklingsarbeidet, der Høgskulen på Vestlandet er samarbeidspartnar. Oppstart på utviklingsarbeidet vert hausten 2023.



Medverknad

Barn

Mål: Barna skal medverke i planlegging og vurdering av barnehagekvardagen.

- Barna skal erfare at det får påverke det som skjer i barnehagen. For å få fram barna sine innspel og vurderingar skal personalet nytte observasjon, samtale og delta i barna sin aktivitet.



Foreldresamarbeid

Mål: Foreldra sine innspel skal bli lytta til i det pedagogiske arbeidet.

- Heim og barnehage skal samarbeide til det beste for barnet. Barnet si helse, trivsel, utvikling og læring er utgangspunkt for samarbeidet.
- Foreldra får innsikt i og kan påverke innhaldet i barnehagedagen gjennom den daglege samtalen, månadsplan, foreldresamtale, foreldreundersøkingar og foreldremøte.
- Ein foreldrerepresentant frå kvar avdeling vert valt til SU: samarbeidsutvalet. SU er et rådgjevande og kontaktskapande organ mellom heim og barnehage.

Tidleg innsats

Sunnfjord Kommune er ein TIBIR-kommune (tidleg innsats for barn i risiko). Barn utviklar seg i ulikt tempo, og vi skal ha barnet sitt beste som utgangspunkt. Dersom barnet treng ekstra hjelp og støtte, skal barnehagen observere systematisk og saman med foreldra drøfte vidare tiltak.

Betre Tverrfagleg Innsats (BTI)

BTI skal sikra at barn og unge får den oppfølginga og hjelpa dei treng gjennom samarbeid mellom familien og kommunen. Sunnfjord kommune brukar samhandlingsmodellen BTI i sitt arbeid. [BTI - Betre tverrfagleg innsats](#)

Overgangar

Når barnet startar i barnehagen

Mål: Barnet skal oppleve ein trygg og god start i barnehagen.

- Alle nye foreldre blir invitert til foreldremøte og på besøk i barnehagen før oppstart av nytt barnehageår.
- Foreldra må setje av minst tre dagar til tilvenning. Desse dagane skal dei vere saman med barnet i barnehagen. Ein fast vaksen har ansvar for å bli kjend med barnet og vil vere den trygge når foreldra etter kvart skal gå frå barnet.

Overgangar i barnehagen

Mål: Barna skal oppleve ein trygg og god overgang til ny avdeling i barnehagen.

- Personalet førebur barna på at det skal begynne på ny avdeling. Barna og ein vaksen frå si avdeling besøker den nye avdelinga frå mai og fram til ferietid.
- Pedagogar frå begge avdelingane er med på siste foreldresamtale før overgang til ny avdeling, dette for å sikre god informasjonsflyt.



Overgang mellom barnehage og skule

Mål: Barnehagen skal legge til rette for ein trygg og god overgang frå barnehage til skule.

Barna kal gjennom ulike aktivitetar få erfaring og kunnskap som dannar grunnlag og motivasjon til å begynne på skulen.

«Trollgruppa» er Tusenfryd si førskulegruppe. Siste året før skulestart er Trollgruppa på tur i nærområdet kvar veke, og i tillegg har dei eigne samlingar inne. Det er symjeopplæring for Trollgruppa 1 gong kvar veke, 8 veker om hausten og 8 veker om våren.

Vi øver på

- å bruke kroppen vår og å oppleve meistring
- å ta vare på tinga våre
- å ha eit positivt samspel med andre
- å bruk av blyant og saks
- å følgje felles beskjedar
- å bli sjølvstendige i gjeremål
- å bli trygg i vatn



Vi ynskjer

- å gje barna gode opplevingar i nærområdet
- at barna skal bli nysgjerrig på skriftspråket gjennom oppdagande skrivning
- å bidra til ei gryande interesse for mengder, tal og matematikk

Vi nyttar

- [Frode Laks](#) – ei kulturell bru mellom barnehage og skule. Når barnehagane og skulane nyttar nokre av dei same songane, dansane og bøkene, kan borna kjenne tryggleik og samanheng. Det vil trygge barna og gjere at dei kjenner på meistring i møte med det nye.
- Barnehagen fyller ut overgangsskjema til skulen, i samråd med foreldra.



Samarbeid

Samarbeid internt i barnehagen

Å skape ein god barnehage krev godt samarbeid i personalgruppa. I planlegging, vurdering og i arbeidet med fagleg utvikling nyttar vi avdelingsmøte, leiarmøte, personalmøte og planleggingsdagar.

Samarbeid med eksterne instansar

Kompetanseteam/PPT

Vi samarbeider med kompetanseteamet/PPT, dei kan rettleie personalet, observere og hjelpe personalet når barn treng ekstra hjelp og støtte. Foreldra skal samtykke til samarbeid med kompetanseteam/PPT.

Foreldrerettleiing

Det kan i periodar vere utfordrande å vere foreldre. Det er viktig å få hjelp tidleg før utfordringane vert for samansette. Kommunen har tilbod om gratis rettleiing, ynskjer du meir informasjon om dette? Ta kontakt med barnehagen.

Barnevernet

Barnevernet har ulike hjelpetiltak til familiar. [Sunnfjord kommune, barnevern](#).

Dei fleste som får hjelp av barnevernet mottok hjelpetiltak i heimen. Hjelpetiltaka kan setjast inn for kortare og lengre periodar, alt etter kva som er hensiktsmessig for den enkelte familie.

Barnehagetilsette har plikt til å gi opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru at eit barn blir utsett for mishandling eller andre former for omsorgssvikt.



Vurdering

Det pedagogiske arbeidet skal jamleg vurderast for å sikre at alle barn får eit tilbod som samsvarar med det som står i Lov om barnehager og i rammeplan for barnehagen.

Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar frå personalet. Refleksjonane vert nytta i vidare planlegging på avdelingsmøte, personalmøte og planleggingsdagar.

Arbeidet vårt går til ei kvar tid i sirkel: planlegge, utføre, vurdere, korrigere og ta vare på det som er bra.



Året rundt 2023

Årshjulet følger kalenderåret.

I løpet av året er det ulike merkedagar og tradisjonar. Avdelingane konkretiserer arbeidet, jobbar med dette på samling og i aktivitetar gjennom dagen. Temasamlingane er tilpassa barna sin alder og modning. Utfyllande informasjon vert gitt i veke/månadsplan, periodebrev og ved dokumentasjon på tavla.

Januar-

Februar

Kulturformidling i barnehagen

Mål:

- Barnet skal bli kjend med forteljinga om Folk og røvarar i Kardemomme by.
- Barnet skal oppleve spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale.
- Barna skal få kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon.

Metode:

- Vi les og fortel frå boka Folk og røvarar i Kardemomme by av Torbjørn Egner.
- Vi nyttar karakterane frå boka som inspirasjon til leik.
- Vi lagar fest med god mat, musikk, dans og forteljing. Alle kler seg ut som eit av dyra eller folka i Kardemomme by denne dagen.
- Temasamling knytt til samisk kultur og tradisjon.

Merkedagar:

- 6.februar: Samefolket sin nasjonaldag.
- 14.februar: Temafest.
- 21.februar: Morsmålsdagen.



Påske og ramadan

Mars

Mål:

- Barna skal få innsikt i kvifor og korleis vi feirar påske.
- Barna skal få kjennskap til ulike verdiar og høgtider i religionar og livssyn som er representert i barnehagen.

Metode:

- Førebuing til påske, med aktivitetar og samling knytt til høgtida.
- Barna skal få kjennskap til ramadan gjennom samling.

Merkedagar:

- 14. mars: Barnehagedagen «Liten og stor».
- 21.mars: Rockesokkdagen: Den internasjonale dagen for Downs syndrom som markere solidaritet og støtte ved å gå i ulike sokkar.
- Veke 13: Påskefrukost for foreldre og søsken.



April

Våren på garden

Mål:

- Barnet skal få kjennskap til dyra på garden.

Metode:

- Barna skal få kunnskap om dyr og dyreliv gjennom lek og song.
- Vi går på tur i nærområde og ser på dyr.

Merkedagar:

- ID – fest som markerer avslutning av ramadan.



Mai

Nasjonaldagen/landet vårt

Mål:

- Barna skal få kjennskap til kvifor vi feirar 17-mai.

Metode:

- Førebuing til nasjonaldagen gjennom samling og aktivitet.
- Vi lærer nasjonalsongen og Tusenfrydsongen.
- Nasjonaldagen går vi saman i tog bak fana til Tusenfryd barnehage.

Merkedag:

- 17. mai: grunnlovsdagen.



Juni**Sjørøvarsommar****Juli**

Mål:

August

- Barna skal oppleve ein spennande sommar.

Metode:

- Personalet legg til rette for aktivitetar og leik.

Merkedagar:

- Sommarfest i juni: barnehagen inviterer foreldre og sysken til sommarfest.
- Vi deltek i [Førdefestivalen](#) for å oppleve noko av mangfaldet av musikk som finst på kloden vår.



August

September

Tilvenning, nye barn og nye barnegrupper Regelleik og songleik

Mål:

- Barna skal ha ein trygg og god start på barnehageåret.
- Barna skal utvikle kjenskap til og vennskap med kvarandre.
- Barna skal lære om brannvern.

Metode:

- Personalet legg til rette for aktivitetar i små grupper med faste vaksne, for å fremje tilknytning, samhald og lære kvarandre å kjenne.
- Vi brukar regelleikar og songleik for å fremje samhald, skape fellesskap og «vi-kjensle» i barnegruppa.
- Vi fokuserer på ein fast struktur på dagen og veka for å gi barna trygge rammer og ein kjend barnehagekvardag.
- Barna skal lære kva dei skal gjere når brannalarmen går.
- Gjennomføre brannøving.

Merkedagar:

- Veke 38 – Nasjonal brannvernveke



Oktober

Forut: «Hamphless og det varme hjertet», Malawi.

Mål:

- Barna skal bli kjent med andre kulturar og dagleglivet til barn i andre land

Metode:

- vi blir kjent med barn frå ulike nasjonar og lærer om ulike tradisjonar, levemåtar og andre kulturar.
- vi brukar film, musikk, song og dans.
- vi lagar mat og har ulike formingsaktivitetar knytt til temaet.
- vi inviterer foreldre og sysken på «foreldrekaffi».
- vi arrangerer ei innsamling til inntekt for FORUT sine prosjekt for barn i Malawi og andre samarbeidsland.

Merkedagar:

- 24.oktober: FN-dagen: foreldrekaffi



November

Fysisk aktivitet

Mål:

- Barna skal vidareutvikle motorisk ferdigheiter, kroppskontroll og koordinasjon.

Metode:

- Personalet skal gje barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppssleik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet.
- Barna skal få delta i regelleik.



Desember

Jul og juletradisjonar

Mål:

- Barna skal lære om kvifor vi feirar jul og ta del i tradisjonelle førjulsaktivitetar.

Metode:

- Adventskalender: Vi ynskjer at kvart barn skal gi bort ei av sine egne leikar til barn som har lite. Verdien av leika er ikkje viktig, men det å dele med andre. Vi sender leikane til barn som treng ei ny leike. Den største gleda du kan ha, er å gjere andre glad».
- Barna deltek dagleg i aktivitetar og samling med samtale og song.
- Vi lagar ei julegåve til å ta med heim, for å glede familien.

Merkedagar:

- 13.desember: Luciafeiring. Dei eldste barna går i Luciatog på sjukehuset. Dei yngste barna markerer dagen i barnehagen.
- 19 desember: nissefest.

